



Rom for Lindring.

Avdeling helse- og omsorg i Granvin herad har gjennom prosjektet «Rom For Lindring» etablert ei leiligheit tilknytta Granvin sjukeheim særskilt med tanke på alvorleg sjuke og døyande og deira pårørande.

Leilegheita er lokalisert i underetasjen ved sjukeheimen. Den består av eit stort pasientrom, kombinert stove for pårørande med mogelegheit for overnatting og kjøken, samt eit romsleg bad. Det er eigen utgang til hagen. Privatliv til den enkelte vert vektlagt. Leilegheita er innreda slik at ein kan være heilt sjølvhjulpel, men òg tilrettelagt med alarmanlegg og lett tilgjengeleg kvalifisert personal frå sjukeheimen.



Målet med leilegheita er at den skal kunne være eit godt alternativ til sjukehusinnlegging eller opphald på institusjon dersom det føles utrygt eller er medisinsk utilrådeleg å være heime. Enten i ein tung fase ved sjukdommen eller ved livets slutt.

Rom for Lindring er i fyrste rekke eit tilbod til alvorleg sjuke og døyande menneske som har behov for lindrande behandling og omsorg i livets slutfase. I periodar når rommet ikkje blir nytta til dette vert det brukt til rehabiliterings- / avlastingspasientar for kortare tid.

Praktisk info:

Skildring av tenesta	Omsorg og behandling av alvorleg sjuke og døyande.
Målgruppe	Personar som på grunn av helsetilstand ikkje kan være i eigen heim enten for ein periode i sjukdomsforløpet eller ved livets slutt.
Pris for tenesta	Som for korttidsopphald ved institusjon
Regelverk	Helse- og omsorgstenestelova §3-2 punkt 6
Rettleiing	Søknad kan framsettast munnleg eller skriftleg frå den som treng tenesta, pårørende eller helsepersonell, og skal som hovudprinsipp signerast av den søknaden gjeld
Søknadsskjema	http://granvin.kommune.no/Filnedlasting.aspx?Mid1=30&FillId=1425
Søknad sendes til	Granvin herad v/helse- og omsorg, postboks 13, 5733 Granvin. Eller på e-post til: postmottak@granvin.kommune.no
Saksbehandling	Søknaden vert handsama av leiande helsepersonell i helse- og omsorg. Teamleiar i heimebaserte tenester fattar vedtak.
Klagerett	Frist for å klage er 4 veker etter at vedtak er motteke jfr. Lov om pasient- og brukarrettigheiter § 7-2 og § 7-5, samt Forvaltingsloven kap. 6 § 28
Ansvarlig leiar	Helse- og omsorgsleiar
Avdeling	Heimebaserte tenester
Kontaktperson	Ressurssjukepleiar Manuel Niemeier, tlf.: 40 40 38 81